

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019

Benthe Bondhus (Sp) sette på vegner av Sp, A, KrF, SV, MDG, V, H og Frp fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.»

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet:

«Utval for miljø og samferdsel ber fylkesutvalet arbeide vidare med å få på plass finansiering av tunnelforskrifta på FV. Det er stort sprik mellom trøngen for oppgradering og økonomiske midlar til rådvelde i fylket vårt.»

Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bondhus sitt forslag til tillegg vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av Folgefondtunnelen etter nytt kostnadsanslag, og minner om at det er eit stort behov for å auke dei statlege overføringer slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene «Tunnelsikkerhetsforskriften» fører med seg. Staten har ansvar for «Tunnelsikkerhetsforskriften», og må ta ansvar for finansieringa fullt ut. Det må kunne opnast for lokale tilpassingar av tekniske løysingar.
2. Fylkesutvalet tilrår at oppgraderingsbehov i Folgefondtunnelen vert sett i samanheng med ein samla plan for tunneloppgradering i nye Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet tilrår at risikoreduserande tiltak som kan gjennomførast før oppgraderinga utan store meirkostnadalar (alternativ 0), vert vurdert i samband med budsjettprosessen for 2020.